

Sak 201913014/202320330 – Røldal Suldal – revisjon og OU – TAPT NATUR OG KULTUR I RØLDAL – KOR ER TÅLEGRENSA?

Det er i samband med planar for revisjon og søknad om tilleggsutbygging for vasskraftanlegga i Røldal og Suldal laga titals svært omfattande (og diskutabile) rapportar om deltema, det manglar ikkje på **ekspertkompetanse og økonomi** ser det ut til! Enorme mengder saksmateriale er utfordrande å setja seg inn i, dette er eit demokratisk problem.

Har Ullensvang kommune, Hydro og Lyse laga ein samla oversikt over det som er **gått tapt** i Røldal? Kor mykje **areal** er sett under vatn, kor mykje er gått med til vegutbygging, hyttebygging mm? Kva er tapt areal totalt, kor mykje dyrka og overflatedyrka jord, beite, skog, økosystem, dyre- og planteliv, stølskultur, antal stølar, antal bygningar? Kva er gått tapt av næringsgrunnlag, kultur, bygda sin identitet?

Alle vassdrag – store og små – er regulerte, dette medfører tørrlagde elveløp og fossar. Novlefoss er sentral i landskapsrommet – no som stort sår i dalsida, i staden for ein flott, rennande foss. Mesteparten av året opplever me svært skjemmande og øydelagt natur rundt Røldalsvatnet, Valdalen og Votna. Dette er særleg trist i sommarhalvåret, magasina er svært sjeldan oppfylde.

Valdalen

I samband med kraftutbygging på 1960-talet vart det gjort landbruksfaglege utgreiingar om produksjon/avkastning i Valdalen. Reknestykket om fôr-enheter for dyrehald tapte i høve til naturhestekrefter/kilowatt. Heilskap og økosystem vart lite påakta i den tida.

Klentemyrane i Valdalen var eit stort våtmarksområde, med rikt fugle- og dyreliv, elva rann roleg gjennom eit 10 kilometer langt, flatt dalføre med slåttemark, beite, skog.

Tapt areal: 6.000 dekar

Av dette dyrka og overflatedyrka jord: 640 dekar

17 stølar – 100 bygningar - tradisjonsrik og livsviktig stølskultur gjekk tapt

Votna

Tapt areal: 3.300 dekar

3 stølar - rike fiskevatn, beite og jaktterreng gjekk tapt

Røldalsvatnet

Vatnet er golvet i landskapsrommet til bygda. Vatnet blir tappa ned 17 meter, og har skjemmande, steinete strender størstparten av året.

Dette er ikkje verdig for ei bygd, i tillegg medfører nedtappinga store ulemper med tilkomst, båtbruk, erosjon, frostrøyk m.m.

Anna nedbygd areal

Hyttefelt og vegutbygging legg beslag på svære areal.

Her er Håradalen og Liemyrane (nytt veganlegg for E134), dei største områda, med tilsaman 2.000 dekar nedbygd areal.

Totalt tapt areal er minst 11.600 dekar – omtrent 12 km²

Alt som er tapt i Røldal, ligg i dalføre og langs vassdrag, dette er dei sonene som er mest produktive, og har størst verdi i økosystema.

Areala som er tapt, var svært viktige for næringsgrunnlaget i Røldal.

Dei regulerte magasina medfører at tilkomst til resterande areal blir vanskeleg og utrygg.

Utbygde område blokkerer og deler opp leveområde for dyrelivet, som blir meir og meir fattig.

Kor mykje skal Røldal tåla av inngrep, tapt areal, næringsgrunnlag, kultur?

No trengst det ein stor innsats for reparasjon av natur og miljø, det er absurd dersom ein skal øydeleggja endå meir av Røldal sin natur.

Pumpekraftverk?

Det er semje om at Røldal-Suldal-utbyggjinga på 1960-talet medførte særleg grove inngrep. Planlagt utbyggjing av pumpekraftverk vil medføra ei enorm tilleggsbelastning på bygda. Vannstanden i Røldalsvatnet, Valdalsvatnet og Votna vil følgja profittkravet, og kunna variera med mange meter i døgeret.

Strender og dalsider blir meir utsett for erosjon og utrasing, båtbruk blir vanskeliggjort, fiske blir sterkt forringa. «Restareal» over vannmagasin får forverra tilkomst og blir forringa i verdi. Store massedeponi vil øydeleggja endå meir natur – eit deponi er planlagt oppå Røldal sin grunnvassbrønn for drikkevatt.

(Det er absurd at Norge skal vera EU sitt energibatteri – norsk elkraftproduksjon utgjer omlag 1 % av EU sitt energibehov).

Tålegrense?

Kva er **tålegrensa** for ei lita fjellbygd der dei viktigaste ressursene er røva?

Dersom dette ikkje blir retta opp, blir det ein verkebyll til evig tid, der ein i generasjonar framover skal leva med denne grove uretten.

Norge har signert FNs naturavtale i 2022 (vern av 30 % natur og restaurering av 30 % natur), dette må følgjast opp. Statsforvaltaren må gripa inn, omfang og konsekvenser av tapt natur og kultur må dokumenterast, nye grove inngrep må stansast. Dette handlar om **jus, etikk og moral!**

18.08.25

Sondof Rabbe

VALDALEN
TOTALT: 6.000 DEKAR
DYRKA: 640 DEKAR

ØVLANDSTØLEN
268 DEKAR

BRÅSTØL
35 DEKAR

LIAMYRANE
1.000 DEKAR

RØLDAL SENTRUM
10 HUS FJERNA

HÅRADALEN
1.000 DEKAR

TØRRLAGD
NOVLEFOSS

VOTNA
3.300 DEKAR

RØLDALSVATNET
SENKA 17 METER

TAPT AREAL
11.600 DEKAR

TAPT AREAL I RØLDAL
02.06.25 SONDOF RABBE